

Det norrøne folkevisedområdet og Færøyane

Brynjulf Alver

Det var Ernst von der Recke som først peika på todelinga av dei nordiske folkevisene. I avhandlinga *Folkevisestudier* (1907) skilte han mellom austnordisk og vestnordisk folkevisediktning. Skilnaden fann han i at den vestnordiske i særleg grad var episk:

Den færøiske Vise interesserer sig ganske anderledes for Begivenheder end den danske, vexlende Tildragelser, hvis tiltrækning forhøies ved det Eventyrlige, høre til dens Charaktertræk.

Grunnlaget for at han kunne skilja mellom dei to visegruppene låg i den innsikt han hadde vunne i arbeidet med "Folkevisernes Parallelsteder", dette kollosale jamføringsverket som aldri har vore prenta. Konklusjonen var like bastant som klår:

Spørger man, hvor Digtningen i Visetiden har udfoldet sin rigeste Blomstring, behøver man blot at se paa Samlingernes Volumina. Allerede disse sige En, at den har to Hovedarnesteder: et østnordisk i Danmark og et vestnordisk paa Færøerne. I hvert af disse viser et System sig udpræget, og i begge fremtræde de skolemæssige Modsætninger med den største Skarphed." (Recke, 1907: 81).

Mot von der Reckes syn talte Sverker Ek,

Grüner-Nielsen og Knut Liestøl. Liestøl bygde sin argumentasjon særleg på Sverker Eks granskingar, medan Grüner-Nielsen heilt bygde på Liestøl. Det er også hans argument som er best formulerte. For han var det sjølvsagt at vi her hadde med problemstillinga sentrum og periferi å gjera: "Det norrøne området er av norsk rot, det er eitt moderland og ei rekkje nybygder." (Liestøl, 1936; her sitert etter 1941: 152). Han skriv:

Folkevisa syner oss Telemark, Agder, Vestlandsfylki, Shetland, Færøyane og i nokon mun Island som eit samanhangande kulturumråde, Havet som geografisk kløyver området upp, vert mest som eit innlandshav som bind saman. Bergen var den centrale staden for det norrøne området, og det er merkande at fleire folkevisor hev ei serskild tilknytning til Bergen (Liestøl, 1941: 154).

Og vidare:

Me kann tenkja oss korleis det må ha vore i denne byen, der so mange møttest. Der kunde færøyingane trø dansen i lag med nordmenn både frå sud og nord, både frå by og bygd, og der kunde dei lærenæme få høyrte visa, kanskje gong på gong, og taka henne med seg i minnet. Me hev set noko av det same på Færøyane i våre dagar. Der hev visedansen vore i hæve, der hev folk frå alle øyane kome saman i den

einaste byen, Torshavn, kvar olsokhelg, og dansa og sunge kvaddans i lag. Ikkje berre Bergen, men ogso skogbygdene og hamnestadene på Vest- og Sørlandet var møtestad for folk frå nybygdene og frå moderlandet. Og desse kystbygdene stod, som me hev set, atter i samband med dei indre bygdene på vestsida og austsida av fjellet (Liestøl, 1941: 155).

Seinare har dette vore eit aksiom, og forskarane har seinare fylt ut med meir material. Slik også Svale Solheim i avhandlinga om den såkalla falske Margrete. Det finst ingen heilslege norske tekster, berre fragment, medan vi finn visa i rik utforming på Færøyane. Etter kongressen på Røros drøfta Chr. Matras heimfestinga med Solheim:

Matras stelte då spørsmålet om ikkje visa kunne vera dikta av ein færøyning. Eg måtte vedgå at det prinsipielt godt kunne vera tilfelle, men hevda elles at det var naturleg å tenkja seg at visa var dikta i – eller nær – Bergen av ein som hadde opplevd dei hendingane visa fortel om, på nært hald (Solheim, 1970: 297).

Men Solheim skulle koma på andre tankar og han vart skeptisk til ein del av Knut Liestøls argumentasjon. Det synta seg at det ikkje var litande argument, men meir påstandar. Liestøl skreiv t.d. om visa Haugebonden (færøysk Gullsteinur):

Ho er norsk opphavleg, og dei færøyske variantane stend nærast dei vest-norske uppskriftene frå Lista til Sunnfjord (Liestøl, 1941: 150).

Men, skreiv Solheim:

Her kan det vera freistande å snu spørsmålet om: Kan ikkje likskapen med dei vestnorske variantane like godt forklarast slik at visa har vandra til Vest-Noreg frå Færøyane? (Solheim, 1970: 299).

Verre skulle det bli. Etter å ha arbeidd med

typekatalogen over nordiske viser, var det stygge hol som kom fram:

Mellom kjempevisene er Færøyane representert med 115 typar, medan Noreg har 27. Til jamføring kan nemnast at Danmark har 40 typar, Sverige 21 og Island 4. Dertil kjem så det einslege Hildina-kvedet frå Shetland. Dette viser ein uvanleg sterk færøysk dominans, som verkar endå sterkare når vi tel opp dei kjempevise-typane som berre finst på Færøyane, resp. Noreg. Då viser det seg at Færøyane er åleine om heile 101 typar, medan det av særnorske kjempeviser berre finst 5. Til utfylling av biletet kan opplysast at 6 kjempevise-typar er sams færøysk-norske, dvs. dei finst ikkje i noko anna nordisk land.

Tilsvarande bilete gjev ei oppstilling av trollvisene. Av slike finst det 35 færøyske typar, medan det norske tilskotet er 14 typar (Solheim, 1970: 301).

Solheim våga ikkje å dra dei fulle konsekvensane av desse tala, men den færøyske dominansen gjorde eit sterkt inntrykk på han:

Den store færøyske dominansen når det gjeld kjempe- og trollvisene synest meg å vera eit klårt vitnemål om ei sjølvstendig, særfærøysk utvikling, med stendige nydiktingar, tildiktingar og omdiktingar på det gamle, tradisjonelle grunnlaget. Dette er også heilt naturleg når vi tenkjer på den viktige rolla dansen har spela for vise-kvedinga, til å halda levande den funksjonen visene har hatt i det færøyske samfunnet. Dette samlivet mellom dans og kveding må ha vore ein av dei viktigaste føresetnadene for at dette slaget dikting har vorte så rotfest på Færøyane, at dikting i ballade-form har kunna skyta nyrenningar like opp i vår tid. Slike vilkår har den gamle visediktinga ikkje hatt i noko anna nordisk land. (Solheim, 1970: 305).

Seinare gav han munnleg uttrykk for at Færøyane nok måtte ha vore sentral i utforminga av desse balladegruppene.

Dette med Bergen som produksjonssenter og Vestlandet som eit vestnorsk folkeviseområde saknar grunnlag i materiale.

Det er nok rett at byen i si tid hadde eit kongehoff som også var eit kulturelt sentrum. Men det finst ikkje ei einaste opplysning som dokumenterer at hoffet hadde noko som helst å gjera med folkevisedikting. Vestlandet er i det heile fatig på gamle viser. Einast *Dei to systre* er kjend rundt ikring i 14 oppskrifter, og brotstykke av Haugebonden finst her og der. Det er stort sett det heile og er ikkje mykje å byggja på i vurderinga av Bergen og Vestlandet som import/eksport-område.

Vestlandet treng ikkje å ha vore eit sentralt viseområde "før". I Noreg synest dei folkloristiske genrene å ha ulik geografisk frekvens. Eventyr og folkeviser har utvilsomt hovudområdet sitt i Telemark. Gamlestevet har også ei sentral stilling her. Nysteuet derimot høyrer først og fremst til i Aust-Agder, medan 89-90% av gåtene er oppskrivne på Vestlandet. Det er ikkje noko som *seier* at det må ha vore annleis.

Teorien om Færøyane som hovudområde for kjempeviser/trollviser har vorte imøtegått av di det ikkje har vore gjort nokon analyse av viser på Vestlandet som utvilsamt peikar på færøysk opphav. No har eg gjort ei slik analyse av den eldste visa i norsk oppskrift, *Friarferda til Gjøtland* frå Sunnmøre 1662 (Alver, 1981). Visa ligg nær til færøysk *Ásmundur skeinkjari*. Sjølv sagt er det eit for spinkelt grunnlag til å hevda at Færøyane er einaste diktstad for våre felles visegrupper. Men det er heilt klårt at det er ei norsk-færøysk kjempevise og at færøysk balladedikting er mest nærskyld. Der finn vi dei mest karakteristiske likskapane og dei fleste språklege samanfalla.

I denne visa finn vi også gode grunnar til å hevda at det vestnorske viseområdet var Færøyane. Då visa vart dikta var Færøyane eit norsk len tilliks med andre len på Vestlandet. Dei tilfellege og spreidde visefragmenta vi elles har frå det som i dag er Vestlandet, gir inga argument for at det har funnest eit "mellomområde" mellom Telemark og Færøyane. Analysen av *Friarferda* til Gjøtland er eit klårt indusium på at Færøyane kanskje var det viktigaste balladeområde i Noreg.

Men det er mykje anna som talar for Færøyane som primærområde: dansen, rekkedansen, som vi finn i levande tradisjon på øyane her. I Noreg vart Færøydansen aldri sett som noko opphavleg og originalt færøysk. Hulda Garborg og Klara Semb valfarta til Færøyane med det uttrykte forsettet "å føra folkevisedansen heimatt til Noreg". Sjølv sagt låg det inga primærforskning bak dette målretta arbeidet, men forskarar gav stønad til ideologien med å hevda at visa og dansen hadde fylgts åt, og var dei færøyske visene import frå Noreg, måtte også dansen vera det. For å gjera det riktig vanskeleg og interessant fann dei opphavet til såvel folkevisediktinga som dansen i Frankrike, og "vandringsvegen" til oss hadde gått over England.

Eg skal ikkje gå i detalj i dette, det har vore hevda av nær sagt alle folkevise-forskarar gjennom 100 år, og dei har sitert kvarandre i ein grad at det nærmast er blitt eit uomtvisteleg faktum.

Etter mi meining var dette ein dårleg idé, som bryt med alle moderne etnologiske dimensjonar: tid, rom, sosial-lag. Rekkedans er eit felles europeisk fenomen, knytt til

mange vokalformer. Det finst inga kjelde som knyter balladedansen til Noreg før Hulda Garborgs tid.

Grunnen til at denne dansen vart så dom-inat på Færøyane, må vi søkja i at dei mangla instrumentaldans. Ved hoffet i Bergen kan det knappast ha vore mangel-vare. Her ligg det ei klår forskeroppgåve.

Det er også voldsomt at vi må gå gjen-nom fleire århundre og til framande kultur-ar for å finne opphavet til ein dans som er så einfeldt at den høyra til kvar som helst. Frå synsfeltet i København, Stockholm og Oslo var Færøyane i periferien. Difor vart dei frådømd skaparevna til noko så einfeldt som å ta to steg fram og eitt tilbake. Sjølv-sagt er dette grovt diskriminerande, og forskarane må ha gløymt at for færingane er Færøyane sentrum, og storbyjungelen i dei andre nordiske byane periferi.

I denne diskusjonen gløymde forskarane at det ikkje berre var tale om eit stegmøn-ster og ein visegenre, men om eit sosiokul-turelt fenomen. Det har med samhandling å gjera, der tekst og melodi, forteljing, den fysiske nærleiken i eit avgrensa rom og samhandlinga i form av song og rørsle vert ein heilskap. Og denne heilskapen er sær-merkt for Færøyane, og finst berre der.

Litteratur

- Alver, Brynjulf. 1981. Friarferda til Gjøtland. *Tradisjon* 11: 78.
- Dal, Erik. 1956. *Nordisk folkeviseforskning siden 1800*. København.
- Liestøl, Knut. 1936. Det norrøne folkeviseområdet. *Nordisk Tidsskrift*: 271-283.
- Liestøl, Knut. 1941. *Saga og fokeminne*. Oslo: 143-155.
- Recke, Ernst van der. 1907. Folkevisestudier. Vest-nordisk Indflydelse i Dansk. *Danske Studier*: 79-120.
- Solheim, Svale. 1970. Færøysk-norsk i folkevisedik-tinga. *Fróðskaparrit* 18: 297-306.

Brynjulf Alver
Ytre Fosse
N-5102 Alversund
Norge